



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 30.06.2020

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 18.06.2020
Møtetid: kl. 18.00
Møtestad: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

Tilstede:

Marit Tonning, Veronica Vågen, Andreas Ester og May-Wenche Fossmark

Meldt forfall:

Vidar Myren, Trond Gandrud, Lars Petter Amundrud

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste, samt møtebøker frå soknerådsmøte 20.02. og fellesmøte i Kyrkjebø kyrkje 15.05.2020. Innkalling, sakliste og møtebøker godkjent utan merknader.

Meldingssaker

000014 Soknepresten har ordet

Andreas Ester reflekterte over ein aktuell tekst

000015 Framtida til Høyanger bedehus

Rådsmedlemene er innforstått med utviklinga i saka. Etter positiv saksutgreiing og tilråding frå rådmann om å yte ein million til livssynsnøytralt seremonirom og gravferdsdelen i bedehuset, vart det kontant nei til dette i utval for kultur og folkehelse, formannskap og kommunestyre. Etter tidlegare soknerådsvedtak skal det no søkjast om forlenga akseptfrist for intensjonsavtale fram til 31.12.2020. Tida vil vi bruke til å vurdere om det likevel kan vere ein veg vidare i denne saka.

000016 Kostnadsfordeling ved kyrkjeleg tenester mellom Sogndal og Høyanger.

Høyanger sokneråd tek inngått avtale til etterretning.

000017 Gjennomgang av årshjul for 2020

Årshjulet for første halvdel av 2020 vart gjennomgått. Det er fleire av dei planlagte tiltaka i vinter og vår som vart utsatt til hausten pga corona. Gjennomgang av vidare planar for hausten vart drøfta. Saka skal takast opp på neste soknerådsmøte.

000018 Lokal kyrkjeleg smittevernplan. Soknerådet tek dette til etterretning.

000019 Informasjon om gudstenestereforma.

Det skal innførast ny revidert gudstenesteordning frå 1. søndag i advent. Kyrkjeverja har vidaresendt epostar frå kirkerådet, prost og biskop vedrørende saka til samtlege medlemmer. Soknepresten gjekk gjennom dei viktigaste punkta i gudstenestereforma.

Vedtaksaker

Sak 016/20 Møteplan for 2. halvår 2020

Vedtak: Høyanger sokneråd vedtek at første møte etter ferien vert torsdag 20.august kl 18.00. Planen for resten av året vert utsatt til neste møte.

Sak 017/20 Tildeling av offer

Vedtak: Høyanger sokneråd vedtek at 50% av offertildelinga skal gå til eiga verksemd. Offertildelinga vert difor som følger:

28.06.20 Diakoni

19.07.20 Misjon/ Estland

02.08.20 KFUK-KFUM

30.08.20 Alværa

12.09.20 Barne-og ungdomsarbeid

20.09.20 Trusopplæring

Sak 018/20 Kyrkjevertar.

Vedteken smittevernplan forutsett kyrkjevert på kvar gudsteneste. Pga ferieavvikling lar det seg ikkje gjere for soknerådet å garantere for kyrkjevertar på sumarens gudstenester. Soknepresten informerar kyrkjetenar.

Vedtak: Høyanger sokneråd utsett saka til neste møte.

Sak 019/20 Evaluering av videogudstenester.

Videogudstenestene er møtt med interesse også hos folk som vanlegvis ikkje møter til gudsteneste i kyrkja. Dette meiner rådet at ein bør byggje vidare på.

Vedtak: Høyanger sokneråd er positiv til vidare videoproduksjon, og at det produserast ein kvar månad.

Sak 020/20 Felles misjonsprosjektfor sokna i Kyrkjebø og Høyanger

Den 14.05.20 vart det avhalde felles soknerådsmøte i Kyrkjebø kyrkje . Det vart vedteke at Kyrkjebø sokn og Høyanger sokn skal ha eit felles misjonsprosjekt og Estland vart vald. Leiar i Høyanger sokneråd, May Wenche Fossmark kontakta NMS og fekk opplyst at Torstein Fosse er vår kontaktperson. Torstein Fosse informerer at ein representant frå NMS gjerne vil delta på ei gudsteneste for å informere kyrkjelydane om saka og samstundes markera at avtala er inngått mellom NMS og sokneråda. Fosse oppfordra oss til å finne ein dato som passar i tidsrommet slutten av august og ut året.

Vi finn stoff til Helgestundar på nettsida til NMS "finndinmenighet" Estland. Torstein Fosse sender meir informasjon og avtaleskjema m.m. til undertekna. Dette vert vidare sendt til kyrkjeverta, soknepresten, samt leiar i Kyrkjebø sokn.

Forslag til felles gudsteneste for Kyrkjebø og Høyanger i Høyanger kyrkje den 11.10.20 eller 18.10.20

Vedtak: Høyanger sokneråd vedtek forslaget.

Sak 021/20 Oppnemning av gudstenesteutval

Forslag til representant til gudstenesteutval: Leiar i soknerådet, May-Wenche Fossmark, vara er rådsmedlem Marit Tønning .

Vedtak: Høyanger sokneråd vedtek forslaget.

Referent: May-Wenche Fossmark